

OVERSIKT SØKNADAR KUNSTNARSTIPEND 2018 – TVERRFAGLEG

Tverrfagleg jury:

Sølvi Lien, Sogn og Fjordane folkemusikklag
Elise Hessevik, BRAK
Siri Ingvaldsen, Fylkesbiblioteket
Stine Tveten, Vestnorsk filmsenter

Stipend til unge kunstnarar i etableringsfasen

Tverrfagleg

Tiltak:	Skrive og trykke novellesamling	Søkjar:	Ellen Løvhaug Harrison		
Innhald:	<p>Harrison søkjer om 50 000,- til å skrive og trykke ei novellesamling. Eit gjennomgåande tema i samlinga vert det usagte i mellommenneskelege relasjonar.</p> <p>Novellesamlinga skal innehalda fire noveller på nynorsk, og ha eit opplag på 100 stk. Søkjar er innstilt på å trykka opp samlinga sjølv, men vil freiste å få eit lokalt forlag i ryggen. Ho ynskjer å produsere ei slik samling for å ha noko å vise til. Som ung skribent vil eit konkret og heilskapleg prosjekt gjere det enklare å nå ut både til bransjefolk og lesarar.</p> <p>Søkjar har jobba gjennom tekst så lenge ho kan hugse. Ho har erfaring med songtekstar, noveller og skodespel. Hausten 2017 skreiv ho stykket "Ein Ven Du Ikkje Venta", og sette det opp ved Årdal Kulturskule.</p> <p>Søkjar håpar novellesamlinga kan gjere at ho får arbeide vidare med tekst. Ho vil skrive ferdig novellesamlinga i 2018 og få den trykt i 2019.</p>				
Vurdering:	<p>Profesjonell kunst og kultur er eit satsingsområde i Kulturstrategi 2015 – 2018. Fylkeskommunen ønskjer å legge til rette for at profesjonelle kunst- og kulturarbeidarar kan bu og produsere i fylket. Gjennom stipend for unge kunstnarar i etableringsfasen ønskjer ein å støtte unge kunstnarar som er busett eller i ferd med å etablere seg i Sogn og Fjordane.</p> <p>Det er fleire kvalifiserte søkjarar til stipend enn ramma for ordninga gjev rom for å tildele. Søkjar vert difor ikkje prioritert til stipend i 2018. Fylkesdirektøren avslår søknaden.</p>				
Budsjett:	55 000	Søknadssum:	50 000	Vedtak:	0

Tiltak:	Utvikling av filmmanus	Søkjar:	Siri Linn Brandsøy		
Innhald:	<p>Brandsøy er ein visuell antropolog og filmskapar frå Florø som etter mange år i utlandet har flytta tilbake til heimbygda Brandsøy. Ho har starta produksjonselskapet Farfars AS saman med produsent Suneeta Rani Gill, men søkjer om kunstnarstipend uavhengig av dette selskapet som ein sjølvstendig kunstnar/filmskapar i etableringsfasen.</p> <p>Tidlegare har ho regissert ein serie korte dokumentarfilmar som vart stilt ut på det nasjonale kunstmuseet i Nassau, Bahamas, hausten 2016. Tida er no moden for større utfordringar og ho arbeider med sin første langformat dokumentar "Det siste brevet". Essay-filmen handlar om kva som skjer når ein filmskapar flytter til ei avfolka øy for å skrive eit brev til sin avdøde bestefar.</p> <p>Prosjektet har frå før motteke 50 000 kr i utviklingstøtte frå Vestnorsk Filmsenter og har eit totalbudsjett på 550 900 kr. Av desse vil FARFARS AS finansiere 280 000 kr av prosjektet.</p> <p>Vedlagt søknad er på kr. 50 000. Stipendet vil bli brukt til å dekkje deler av manuskriptutviklinga som er den viktigaste oppgåva hennar i dette prosjektet, i tillegg til regi.</p>				
Vurdering:	<p>Profesjonell kunst og kultur er eit satsingsområde i Kulturstrategi 2015 – 2018. Fylkeskommunen ønskjer å legge til rette for at profesjonelle kunst- og kulturarbeidarar kan bu og produsere i fylket. Gjennom stipend for unge kunstnarar i etableringsfasen ønskjer ein å støtte unge kunstnarar som er busett eller i ferd med å etablere seg i Sogn og Fjordane.</p> <p>Søkjar har mottatt utviklingsstøtte frå Vestnorsk filmsenter. Ho har komme godt i gang i sitt virke som filmskapar og historieforteljar. Ho har flytta heim og satsar som filmskapar med Sogn og Fjordane som utgangspunkt. Søkjar vil kunne bli ei viktig stemme frå Sogn og Fjordane. Fylkesdirektøren vurderer filmprosjektet som godt, med ei interessant vinkling. På bakgrunn av dette gjer fylkesdirektøren vedtak om å tildele stipend.</p>				
Budsjett:	550 900	Søknadssum:	50 000	Vedtak:	30 000

Tiltak:	Skrift og tekstarbeid	Søkjar:	Tora Døskeland
Innhald:	<p>Søkjar arbeider som forfattar og er no i prosess for å ferdigstille sitt første bokmanus for publisering hos Oktober forlag 2018.</p>		

	Døskeland søker stipend for å kunne fortsette å arbeide med skrift og tekstarbeid på fulltid - og for å ha mulighet til å arbeide med nye tekstprosjekt for utgjeving i året som kjem. Ønskjer å fortsette å utforske skrifa, og arbeide kunstnarisk med nye idear, og med nye tekstlege arbeid.			
Vurdering:	Profesjonell kunst og kultur er eit satsingsområde i Kulturstrategi 2015 – 2018. Fylkeskommunen ønskjer å legge til rette for at profesjonelle kunst- og kulturarbeidarar kan bu og produsere i fylket. Gjennom stipend for unge kunstnarar i etableringsfasen ønskjer ein å støtte unge kunstnarar som er busett eller i ferd med å etablere seg i Sogn og Fjordane. Det er fleire kvalifiserte søkjarar til stipend enn ramma for ordninga gjev rom for å tildele. Søkjar vert difor ikkje prioritert til stipend i 2018. Fylkesdirektøren avslår søknaden.			
Budsjett:	35 000	Søknadssum:	20 000	Vedtak: 0

Tiltak:	Vidareutvikling som produsent , kjøp av instrument, studioutstyr	Søkjar:	Eline Kristiansen Brun	
Innhald:	Eline Kristiansen Brun søker arbeidsstipendet som utøvande muskar og produsent. Ho jobbar som låtskrivar, produsent og er også involvert som artist i fleire prosjekt. Hovudprosjekt er folk/pop trioen I SEE RIVERS, der ho er vokalist, keyboardist, låtskrivar og produsent. Brun har i fire år jobba som produsent for I SEE RIVERS, samt sitt eige materiale og for andre artistar og band, og søker no om støtte til å kunne vidareutvikle seg som produsent slik at ho kan opparbeide seg meir kunnskap og ein større portofolie. Ho søker om støtte til innkjøp av instrument og studioutstyr samt reisestøtte til studio i Wales for å skaffe seg jobberfaring.			
Vurdering:	Profesjonell kunst og kultur er eit satsingsområde i Kulturstrategi 2015 – 2018. Fylkeskommunen ønskjer å legge til rette for at profesjonelle kunst- og kulturarbeidarar kan bu og produsere i fylket. Gjennom stipend for unge kunstnarar i etableringsfasen ønskjer ein å støtte unge kunstnarar som er busett eller i ferd med å etablere seg i Sogn og Fjordane. Søkjar er ein svært aktiv artist, låtskrivar og produsent. Ho søker støtte til å utvikle seg som produsent og til å etablere eit studio i Luster. Det er få kvinnelige produsentar i musikkbransjen. Fylkesdirektøren ser positivt på at søkjaren ønskjer å velje dette yrket og etablere seg i fylket. Eit studio i Luster vil stimulere bransjen lokalt. Søkjar vil også legge til rette for residens for nasjonale og internasjonale artistar, noko som er avgjerande for å kunne drive eit studio i desentraliserte delar av landet. På bakgrunn av dette gjer fylkesdirektøren vedtak om å tildele stipend.			
Budsjett:	114 707	Søknadssum:	50 000	Vedtak: 30 000

**Arbeidsstipend for kunstnarar
Tverrfagleg**

Tiltak:	Bok, konsert, kunstprosjekt	Søkjar:	Linda Gytri		
Innhald:	<p>Linda Gytri søker arbeidsstipend for å jobbe med fire ulike prosjekt.</p> <p>LAURA LYKKE FRÅ BRINGEBÆRSLOTTET Bringebærslåtten er ein av dei aller mest brukte slåttane vi har i folkemusikken vår i Sogn og Fjordane, og det er ein melodi som "alle" kan. Judith Vestreim skulle lære vekk Bringebærslotten til nokre ungar, og ein av ungane teikna då eit slott(!) av bringebær! Dette har inspirert Gytri til å skrive boka Laura Lykke frå Bringebærslottet. Teksten er klar, og illustratør Gunnvor Rasmussen har sagt ja til å illustrere boka. Det blir ei lita bildebok med omlag 36 sider, fargerike teikningar og historie på nynorsk. I boka har ho også skrive to nye vers til Bringebærslåtten, og ynskjer å få eit lokalt barnekor til å synge inn den nye versjonen med tre vers, og at dette kan følge boka via ein strekkode/ link. Målet er å gje ut boka hausten 2018.</p> <p>LEDDIKEN - JUBILEUM 30 ÅR I 2018 har Gytri spela trekkspel i tretti år. Ho ynskjer å markere dette med konsertar i 2018. Ei hovudmarkering blir konsert i Stryn kulturhus saman med Stryn musikklag i september/ oktober, elevar frå kulturskulen og musikarar ho har tilknytning til. Denne konserten har førebels arbeidstittel LEDDIKEN. Dette er det vesle rommet i gamle reisekister der ein samla det som hadde mest verdi for ein, og Gytri tenkjer at denne konserten vil bli eit utdrag av det som har hopa seg opp i hennar reisekiste. Det vil vere fint å kunne gje noko tilbake til Stryn som takk for at det var her det heile starta.</p> <p>KINTSUKUROI Dette er ein gammal japansk kunstform, som går ut på at knuste keramikpotter blir reparerte med gull. På den måte blir det som var øydelagt endå sterkare og vakrare. Søkjar ynskjer komponere ny musikk for ein ny CD med dette namnet. Eventuelt ein konsert. Her ynskjer ho å ta musikken eit steg vidare, og å engasjere ein strykekvartett. Målet er CD- utgjeving i 2019, men dette er berre på skissestadiet enno, så det ho i første omgang treng er tid og rom til å komponere ny musikk.</p> <p>HEKLAHUS Hausten 2015 døydde mot til Gytri av kreft. Ho etterlet seg metervis med handarbeid. Gytri ynskjer å heidle ho og andre handarbeidsmødre med å bruke deler av hennar hekladukar, sengetepper og gryteklutar til eit kunstprosjekt. Ho ser føre meg eit lite heklahus, der publikum kan gå inn i huset og vere omgitt av handarbeidet. Omlag på størrelse med Byløa av Maia Birkeland, men innandørs. Ho ynskjer gjerne å samarbeide med Birkeland på dette prosjektet, og gjerne også kombinere det med sin musikk. Målet er utstilling i høgsalen på Sogn og Fjordane Kunstmuseum, gjerne i 2019.</p>				
Vurdering:	<p>Profesjonell kunst og kultur er eit satsingsområde i Kulturstrategi 2015 – 2018. Fylkeskommunen ønskjer å legge til rette for at profesjonelle kunst- og kulturarbeidarar kan bu og produsere i fylket. Gjennom arbeidsstipend for kunstnarar ønskjer ein å gje skapande og utøvande kunstnarar høve til å utvikle sine kunstnariske uttrykk eller eksperimentere med nye uttrykk.</p> <p>Det er fleire kvalifiserte søkjarar til stipend enn ramma for ordninga gjev rom for å tildele. Søkjar vert difor ikkje prioritert til stipend i 2018. Fylkesdirektøren avslår søknaden.</p>				
Budsjett:	130 000	Søknadssum:	50 000	Vedtak:	0

Tiltak:	Tekst til barnebok og tekst/musikk/innspeiling album	Søkjar:	Line Dybedal Vederhus
Innhald:	<p>Vederhus søker stipend til å kunne utarbeide ny musikk, tekst og demoar til sitt andre album på nynorsk/dialekt, samt teksten til barneboka på nynorsk ho har fått i oppdrag å skrive.</p> <p>Boka handlar om ei jente og farmora hennar som er svak og sjuk, rett før jul; "Farmor og det finaste juletreet". Samlaget har ikkje garantert utgiving, men utsiktene er gode då 1.utkast har fått gode tilbakemeldingar. Søkjar har fått oppdraget på bakgrunn av sine nynorske songtekstar.</p> <p>Raindrops (plateselskap) skal gje ut albumet som skal spelast inn i Lydriket i Bergen. Søkjar har fått støtte av Fond for utøvande kunstere og Sogn og fjordane Musikkfond til innspeiling av albumet. Andre fond er omsøkt.</p>		

	<p>Oversikt: Albumet treng 10 låtar, det tek ca 2 dagar å skrive og lage ei ferdig låt med demo: 15 timar per låt x 10 stk = 150 timar</p> <p>Søkjar har aldri skrive barnebok før. Har brukt ca. 20 timar til no. Søkjar ynskjer å bruke april - august til å ferdigstille ovannemnte.</p>				
Vurdering:	<p>Profesjonell kunst og kultur er eit satsingsområde i Kulturstrategi 2015 – 2018. Fylkeskommunen ønskjer å legge til rette for at profesjonelle kunst- og kulturarbeidarar kan bu og produsere i fylket. Gjennom arbeidsstipend for kunstnarar ønskjer ein å gje skapande og utøvande kunstnarar høve til å utvikle sine kunstnariske uttrykk eller eksperimentere med nye uttrykk.</p> <p>Det er fleire kvalifiserte søkjarar til stipend enn ramma for ordninga gjev rom for å tildele. Søkjar vert difor ikkje prioritert til stipend i 2018. Fylkesdirektøren avslår søknaden.</p>				
Budsjett:	87 500	Søknadssum:	40 000	Vedtak:	0

Tiltak:	Skrive barneroman	Søkjar:	Arnfinn Kolerud		
Innhald:	<p>Kolerud søker arbeidsstipend frå fylkeskommunen for å skrive ein ny barneroman. Den siste barneboka hans, Snillionen, kom ut i vinter og har fått god mottaking:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Nominert til Kritikarprisen • Nominert til Kulturdepartementets litteraturpris. • Plukka ut til Books at Berlinale under Filmfestivalen i Berlin • Nyleg også plukka ut av NORLA, som arbeider med å utbreie norsk litteratur til utlandet. <p>Trass i all denne medgangen, kjem det ikkje så mange kroner ut av det. Tid er pengar. Kolerud søker derfor om tid og pengar til å skrive, så lenge og så mykje som råd, svært gjerne 50 000 kroner.</p>				
Vurdering:	<p>Profesjonell kunst og kultur er eit satsingsområde i Kulturstrategi 2015 – 2018. Fylkeskommunen ønskjer å legge til rette for at profesjonelle kunst- og kulturarbeidarar kan bu og produsere i fylket. Gjennom arbeidsstipend for kunstnarar ønskjer ein å gje skapande og utøvande kunstnarar høve til å utvikle sine kunstnariske uttrykk eller eksperimentere med nye uttrykk.</p> <p>Søkjar er ein etablert og prislønna forfattar som skriv nynorske barnebøker. Han er busett i Sogn og Fjordane. Nynorsk skriftspråk og barn og unge er gjennomgåande perspektiv i Kulturstrategi 2015-2018. På bakgrunn av dette vedtar fylkesdirektøren å tildele stipend.</p> <p>På bakgrunn av dette vedtar fylkesdirektøren å tildele stipend.</p>				
Budsjett:	50 000	Søknadssum:	50 000	Vedtak:	50 000

Tiltak:	Ny musikk med songtekstar på norsk - nynorsk/ Sunnfjorddialekt, for oppfylgjaralbum	Søkjar:	Lillian Samdal		
Innhald:	<p>Samdal er i gang med å skrive ny musikk til album nummer to. Ho søker stipend til dette arbeidet. Ho skriv på norsk. Tre songtekstar er innspelingklare. Fleire melodiar er på plass, med og utan idear til tekst. Eit stipend vil gje ho moglegeheit til å setje av verdifull og samanhengande tid til å skrive, samt gjere dei fyrste innspelingane i heimestudio.</p> <p>Tematisk befinn ho seg i same område som på Fire vintrar, den førre plata hennar. Våre mellommenneskelege rom skildra gjennom kvardagsobservasjonar, kan hende visuelle i språket og ofte gjennomtrekt av natur.</p> <p>Søkjar har fått arbeidsstipend frå Tekstforfattarfondet.</p> <p>Albumtittel og tidspunkt for utgjeving er ikkje bestemt. Målet er å ha songane klare i løpet av 2018 for så å kontakte produsent og starte arbeidet med finansiering av produksjonen i løpet av 2019. Albumet vil kunne vere klart for produksjon og utgjeving i 2019 eller ev. 2020.</p>				
Vurdering:	<p>Profesjonell kunst og kultur er eit satsingsområde i Kulturstrategi 2015 – 2018. Fylkeskommunen ønskjer å legge til rette for at profesjonelle kunst- og kulturarbeidarar kan bu og produsere i fylket. Gjennom arbeidsstipend for kunstnarar ønskjer ein å gje skapande og utøvande kunstnarar høve til å utvikle sine kunstnariske uttrykk eller eksperimentere med nye uttrykk.</p> <p>Søkjar er ein allsidig kunstnar som har markert seg på fleire felt. Ho er busett i Sogn og Fjordane og skriv songtekstar på nynorsk/dialekt/norsk. Nynorsk skriftspråk eit gjennomgåande perspektiv i Kulturstrategi 2015-2018. På bakgrunn av dette vedtar fylkesdirektøren å tildele stipend.</p>				

Budsjett:	60 000	Søknadssum:	30 000	Vedtak:	20 000
-----------	--------	-------------	--------	---------	---------------

Tiltak:	Herbariumintifada	Søklar:	Ivar Orvedal		
Innhald:	<p>Herbariumintifada skal bli ei kunstnarbok (artist's book) som utdjupar ord sin funksjon som kjenneteikn i dag om lag 77 tusen år etter at menneska tok til med intrikat utforming av symbol (Gugliotta, 2008). Søklar vil skape eit kunstverk som utfordrar til klårleggjande refleksjon, ikkje minst i høve bruk av ord som avgjerande i samband med erobring og utøving av makt.</p> <p>Medverkande utøvarar Ivar Orvedal (forfattar, produsent, kunstnarleg leiar) Helene C. Jenssen (biletkunstnar, kalligraf, kunstnarleg medprodusent) Aud Gloppen (grafisk utformar, kunstnarleg medprodusent) Ingrid Haug (oversetjar) Medverkande utgjevar SolumBokvennen</p> <p>Stipendet skal nyttast til utvikling og formidling av tekst som skal utgjere stammen i kunstnarboka Herbariumintifada og kva kjenneteikn er det vilkåra for Sogn og Fjordane kunstnarstipend nemner som "utvikling av kunstnarleg uttrykk" og "eksperiment med nye uttrykk". På same måte vil prosjektutvikling, utarbeiding av sugett- og kunstnarleg leiing for produksjonen høyre inn under kunstnarstipendet sitt føremål.</p> <p>Skriveprosjektet er tildelt 40 000 kr frå Norsk kulturfond.</p>				
Vurdering:	<p>Profesjonell kunst og kultur er eit satsingsområde i Kulturstrategi 2015 – 2018. Fylkeskommunen ønskjer å legge til rette for at profesjonelle kunst- og kulturarbeidarar kan bu og produsere i fylket. Gjennom arbeidsstipend for kunstnarar ønskjer ein å gje skapande og utøvande kunstnarar høve til å utvikle sine kunstnariske uttrykk eller eksperimentere med nye uttrykk.</p> <p>Det er fleire kvalifiserte søklarar til stipend enn ramma for ordninga gjev rom for å tildele. Søklar vert difor ikkje prioritert til stipend i 2018. Fylkesdirektøren avslår søknaden.</p>				
Budsjett:	292 000	Søknadssum:	35 000	Vedtak:	0